



Dato: 23.10.23

## Referat FAU-møte 23.10.23

### **Tilstades:**

Anne Gunn Feed Jakobsen, Grete Gerritsen, Maiken Grannes, Elena M Sikveland, Serina F Sikveland, Ailin Skårlund, Øyvind Søyland, Knut Undheim.

### **Godkjenning av innkalling og referat:**

OK.

### **Sak 11/23 Skjermbruk/digital undervisning**

Forskningsfunn om psykiske og fysiske effektar for barn i skulealder.

Powerpoint.

'Elevene blir smartere av å skrive for hånd' – lærer betre, forstår betre, hugsar betre, betre språkutvikling.

Introduksjon av skjem før 2 års alder gir negativ effekt på sosialisering.

Mye skjermtid sterkt assosiert med atferdsforstyrringar.

Skjembruk negativt for utvikling av syn, meir stillesitting, søvnforstyrrelsar, fysiske problem på lang sikt (overvekt, cvd-risiko, psykisk uhelse).

Ein frårår skjerm til barn under 2 år, begrensa eldre barns skjermtid opp til 2 timer per døgn.

Personvernbejkymringar.

-----  
Undheim skule: Lite bruk av skjerm på yngste trinn. Meir bruk på mellomtrinnet. Ynskjeleg med kartlegging av gjennomsnittleg skjermtid per skuledag på dei ulike trinna.

Tema for foreldremøte til våren.

Info til foreldra via FAU-rep/klassekontaktar.

'Pedagogisk bruk av læringsteknologi i Timeskulen' – powerpoint mynta på foreldre.

Barnevakten kr 6000,- + reise. Webinar kr 800,-. Youtube-video meir passande format.

Behov for opprydding i det store antalet appar på skule-nettbrett samt poengtering av kva appar som lærar meiner er nyttige i ulike fag.

### **Sak 2/23 Diverse skuledrift (frå rektor)**

- SFO:

- Rammeplan. Handlingsplan ligg ute på skulen sine nettsider.
- 30 barn fordelt på dagane. 4 vaksne i utgangspunktet, nedtrapping utetter året. Fokus på mat og leikesituasjonar. Ein del barn 'kan ikkje leika', 'går og virrar rundt'.

- Sandkasseleiker går fort sundt. Prosjekt for PE å snikra kasse for oppevaring av leiker. FAU set av kr 5000,- til finansiering av leiker. Elevrådet evt ta stilling til kva leiker ein vil ha.
- Fotballar forbruksvare. FAU set av kr 1000,- til dette òg.
- Trafikksikkerhetsarbeid:
  - Trafikkplan ligg ute på skulen sine nettsider.
  - Reflekskonkurransen. Veke 44-46. Gavekort kr 1000,- til hhv èin klasse på små- og mellomtrinn, to elevar trekkest ut til gavekort kr 300,-.
  - Sykkelgården 5. trinn, kvar haust.
  - Ungdomsskulelevane si busspåstiging er flytta til Sælandsvegen.
- Beredskap: Beredskapsgruppe (5 personar fast), mal for prosedyrar, øving (case), all mediehandtering via rektor. Strategiar, planar og reglement ligg ute på kommunen sine nettsider.

## **Sak 12/23 Juleoppvisning.**

- Tysdag 12.12. øving, onsdag 13. kl 10-12 besteforeldrefest, torsdag 14. kl 18 foreldrefest. Formidla tidspunkt til klassegruppene.
- Behov for teknisk kompetent person til styring av lys og lyd 13. og 14.
- Treng 8 personar frå kl 8 på onsdagen. Rigg og servering. Kvart FAU-medlem skaffar minst èin person. Foreldregruppe (knytt til adresse) serverer på torsdagen.
- 1.-4. klasse har separate framsyningar, 5.-6. felles opplegg i regi av PE. 7. klasse leiar showet. Trend i tida at ein møter motstand i større delar av elevmassen mot å bidra på scenen. Vegast opp mot nytten den enkelte har av å stå i evt ubehag.

## **Sak 10/23 Innkomne saker**

- Møteskikk på foreldremøte: Foreldre som tek opp sensitive/personlege tema kan oppleva ubehageleg respons frå andre i foreldregruppa. Belastning på klassemiljø. Bør vera førebudd saman med lærar og klassekontaktar, sanksjonera uheldig respons. Evt hjelp frå avdelingsleiar/skuleleiing. Store krav til møteleiing. Viktig at FAU presiserer viktigheten av 'god takt og tone' i desse samanhengane i kommunikasjon til foreldre. 'Til informasjon, ikkje til diskusjon'.
- Spørsmål om helsestasjonstilbud på Undheim. Ta kontakt med Time kommune, helse.
- Mangel på mannlege tilsette v/skulen. Skuleleiinga si bekymring går meir i retning manglande rekruttering av pedagogar generelt. 'Heile Undheimbygda må snakka skulen og bygda opp på ein positiv måte slik at pedagogar har lyst å söke her.'
- Uro i 6. klasse: Skuleleiinga velinformert om situasjonen. Vil vurdera ekstraordinært foreldremøte særleg mtp informasjon.
- Lite lekser 7. klasse mtp overgang til ungdomsskulen. Må evt tas opp med rette vedkommande lærar.

Referent Knut Undheim

